

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vita kva ei novelle er. Kunne finne tema, motiv og budskap i ei novelle.</li> </ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeida med verka til William Shakespeare</li> <li>Forstå arven etter Shakespeare i litteratur og scene</li> <li>Reflektera og gjera seg ei meining over Taming of the Shrew i dagens samfunn</li> </ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rekning med ulike algebraiske uttrykk</li> <li>Faktorisering av ulike algebraiske uttrykk</li> <li>Faktorisering og forkorting</li> <li>Kvadratsetningane</li> <li>Likningar, proporsjonar og likningssett</li> <li>Utforsking og problemløysing</li> </ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Reflektera over likskapar og ulikskapar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfta moglegheiter og utfordringar ved mangfald</li> <li>Reflektera over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentera forslag til korleis ein kan handtera påverknad og uønskte hendingar</li> </ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vita kven Paulus var og kvifor han er viktig for kristendommen</li> <li>Kunna fortelja om ulike syn på Bibelen</li> <li>Presentera viktige trekk ved de store kristne trussamfunna</li> </ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi</li> <li>Gjera greie for og vurderer bruk av brensel som energikjelde og energiberarar</li> <li>Forklara og vurderer nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi</li> <li>Utforska nokre metodar for produksjon av energi</li> </ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Repetisjon av verbale tidsbøyingar som framtid, fortid og gerundium</li> <li>Å uttrykka ei meining på spansk.</li> <li>Uttrykk for å vera for eller imot noko</li> </ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Veke 43: kunna bruka presens perfektum i setningar</li> <li>Veke 44: kunna fortelja om personar</li> </ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> <li>Jobba med å tilpassa språket til formål, mottakar og situasjon</li> <li>Setja opp kjelder</li> <li>Fortelja om ei sjølvvald kriminalsak</li> </ul>
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav</li> </ul>
Kroppsøving	<b>Friidrett/uthald:</b> Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar

	<p>Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</p> <p><b>Symjing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp</li> </ul> <p><b>Innsats:</b></p> <p>Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kunna bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte</li> <li>• kunna vurdere haldbarheita til materialet</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visa tydeleg progresjon i arbeidet med å spela eit instrument i band, 12-takters blues i A.</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra sentrale omgrep innan utdanninga i Noreg</li> </ul>
<b>Trafikk</b>	
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Læra om budsjett</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tur i nærmiljøet-meir info på onenote.</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikla dei til eigne produkt</li> <li>• kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å utforma produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø</li> <li>• Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre.</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### NRK sin klassequiz-konkurranse

På torsdag reiser 4 elevar inn til NRK sitt studio, der dei skal konkurrere om å bli beste skule frå Rogaland. Vinn elevane blir det tur til Oslo, der ein får vera med på TV-programmet "Klassequiz". Me ynskjer elevane masse lykke til! Radiosendinga startar klokka 14, og quizen blir direkte som første innslag etter kl 14.30. Følg med på NRK-radio!

### Refleks

Elevane fekk utdelt refleksbånd på torsdag, og me håper at alle vil bruka denne kvar dag.

Det er mørkt om morgonen nå, så det er viktig å bli sett i trafikken

### DKS

På tysdag får me besøk av gruppa "Askanu Hip Hop med Babacarr Joof og Ion Barluc" som skal ha ein hiphop-konsert for oss. DJ Slingshot og B Da Sufi lagar god stemning og rappar på engelsk, fransk, wolof og norsk. Med energi og humør snakkar dei med ungdommane om stereotypar, språk, kor dei kjem frå og om å jobba for å nå sitt mål.

### UTV

Torsdag i veke 44 reiser ein del jenter til Stavanger på "Jenter og teknologi". Dette er eit tilbod gjennom UTV, der dei skal få vera med på ein årleg konferanse for jenter på ungdomsskular og vidaregåande skular, kor rollemodellar og bedrifter inspirerer og viser jentene kva for moglegheiter som finnes innan realfag og teknologi. Prosjektet har som mål å auka kvinneandelen på henholdsvis tekniske yrkesfag, fagskular og høgskular og universitet.

Helsing oss på 10.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Tysk	Skriveøkt	Karakter	V. 43 torsdag 6.-7. time
KRLE	Prøve	Karakter	V. 43 fredag 3. time
Matematikk	Prøve i algebra	Karakter	V. 44 onsdag 2.-3.time

## HEIMEARBEID VEKE 43

Norsk	1	Les i boka di. 3x 20 minutt. Hugs å oppdatere onenote med «Bøker eg har lese»
Matematikk		I oppgåveboka s. 16 - 19: 1.120, 1.123 (a, c, e). Korleis er dei tre kvadratsetningane?
Samfunnsfag		1.Forklar begrepet kriminalitet 2.Skriv ned minst 4 ulike typar lovbrøt 3. Skriv ned minst 4 ulike straffereaksjonar me har i Noreg 4. Skriv ned minst 4 årsaker til at enkelte vert kriminelle. Skriv inn på onenote
Naturfag		Korleis kan me få eit meir berekraftig energisystem i framtida ved å bruke mindre energi, og redusera utslepp av CO <sub>2</sub> ? Sjå s. 178, 195, 196, 197 i Solaris 10 og internett.

<b>Spansk</b>		Skriv en kort tekst (ca 5-8 setninger) om en serie eller film du har sett nylig. Hva syntes du om den? Prøv å forklar hvorfor du likte eller likte den ikke.
<b>Tysk</b>		Førebud deg til skriftleg prøve torsdag.
<b>Kroppsøving</b>		<b>Friidrett/Uthald:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Musikk</b>		Dersom du oppnår lite framgang på ditt instrument og i samspel med dei andre i musikktime, må du øve heime eller i aula i matfriminuttet eller rett etter skuletid. Gjer i så fall avtale med musikk lærar om dette. Du får ikkje framgang utan 1000 repetisjonar, dvs hardt arbeid.
<b>Utdanningsval</b>		Lær deg kva desse omgrepa betyr: Yrkesfag, læretid, fagprøve, fagbrev, mesterbrev, påbygg, studiekompetanse, fagskule og folkehøgskule.
<b>Kantine</b>		Møt på kjøkken med forkle og hårstrikk

<b>HEIMEARBEID VEKE 44</b>		
<b>Norsk</b>	1	Les i boka di 3x 20 minutt
<b>Engelsk</b>	1	10B- skriftleg vurdering, veke 44 (måndag), sjå Teams
<b>Matematikk</b>		I oppgåveboka s. 21 - 22: Oppg. 1.129, 1.131, 1.134
<b>Samfunnsfag</b>		Forklar kva ein meiner med eit "mangfaldig samfunn"? Skriv på onenote
<b>Naturfag</b>		Forklar resultatet av forsøka:1) Brennande telys, 2) Usynleg brannsløkker/slukker, 3) Fullstendig og ufullstendig forbrenning, 4) Vi lagar hydrogengass. Sjå i rapportane frå forsøka i labtime.
<b>Spansk</b>		Forebud deg til verbtest. Fokuset er på fremtid, fortid og gerundium.
<b>Tysk</b>		Les om ulike personar s.28-29. Lag ein skriftleg presentasjon av deg sjølv. Kven er du? (På tysk, sjølv sagt.)
<b>Eng fordj</b>		Vel deg ut ei kriminalsak som har skjedd i eit engelskspråkeleg land, og finn ut kva som har skjedd. Fyll inn skjemaet på ON.
<b>Kroppsøving</b>		<b>Friidrett/Uthald:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Musikk</b>		Dersom du oppnår lite framgang på ditt instrument og i samspel med dei andre i musikktime, må du øve heime eller i aula i matfriminuttet eller rett etter skuletid. Gjer i så fall avtale med musikk lærar om dette. Du får ikkje framgang utan 1000 repetisjonar, dvs hardt arbeid.

<b>Utdanningsval</b>		Lær deg kva desse omgrepa betyr: Y-vegen, studieførebuande, realfag, kravkoder, førstegangsvitnemål, ordinært vitnemål, bachelor, master, PPU.
<b>Kantine</b>		Møt på kjøkken med forkle og hårstrikk

**Bryne ungdomsskule** 